

Uttale vedk. Vegplan ny Alversund bru

Me i Alversund grendalag forstår godt behovet for ny bru. Ei bru er viktig for å binde bygda saman og er eit kjent landemerke for Alversund. I tillegg skal gjennomgangstrafikken effektivt forbi.

I anledning vegplanen har me følgande innspel:

- Rundkjøringa verkar noko dominerande i forhold til avkjøring på fv 565. At Kyrkjevegen skal koplast på rundkjøringa vil kunne føre til stor auke i gjennomgangstrafikk via Prestebrekka og til Skarsvegen. Dette vil vere negativt for innbyggjarane her.
- Sett frå «den indre farleia» frå nord, er Alversund kjendt for hellande og oversiktleg terreng heilt frå hotellet, kjeksfabrikken, den nye gangbrua, Gabben, Kyrkja, spredt bebygging og naustmiljø. Mykje av dette vil kanskje bli skjult av ei høg steinfylling for å få plass til rundkjøring. Me trur ikkje at Alversund vil vere tent med å verte assosiert med ei «ruvande» rundkjøring.
- Gabben Bensinstasjon er ein viktig møteplass og kjent landemerke i bygda, det er viktig at denne er sikra drift både i anleggsperioden og tida etter. For morgontrøytte bilistar på jakt etter kaffi, overtidsmat eller ein tiltrengt kvil, er det naudsynt med lett vint av og påkjøring frå fylkesvegen.

Med beste helsing:

Alversund Grendalag

v/leiar Thomas K. Fosse